

Stønad til statleg sikring av friluftsområder 2017 (Kap. 1420 post 30)

	Søkjjar	Kommune	Friluftsområde	Skildring av området	Totale utgifter	Omsøkt	Tilråding	Grunngjeving
1	Bergen og Omland friluftsråd	Os	Stokkavika	Verdifull komplementering av eksisterande regionalt friluftsområde Stokkavika gnr.27, bnr 57 i Os kommune. Arealet vert utvida med ein parsell på omlag 12 mål ved at ein privat veg ned til friluftsområde no kan bli offentleg. Denne kan nyttas til drift av friluftsområdet og mogleggjer bygging av gapahuk og toalett. Tilkomst for publikum til forts. Parkering for personar med nedsett funksjonsevne like ved planlagt bom øverst på vegen. Bommen kan passerast av rullestolbrukarar og barnevogner. Heftingar: Grunneigar har rett til bruk av naust og veg over parsellen. Naustet vert ikkje brukt no.	84 000	84 000	84 000	Stokkavika er eit mykje brukt utfartsområde for Bergensregionen. Like sør for Stokkavika ligg det regionale friluftsområdet Ervikane som det er enno større press på. Stokkavika vil kunne avlaste Ervikane om det vert statleg sikra som friluftsområde og tilrettelagt etter BOF sitt ønskje. Området ligg i gangavstand frå skule og barnehage og bustadområde (planlagt nye utbyggingar), og har ellers lett tilkomst med kollektivtransport frå Bergen. Planen om å betre tilkomst, tilrettelegge for personar med funksjonsnedsetting, og betre tilgangen for skuleklassar, barn og unge vil komplimentere og auke eksisterande verdiar og bruk av området. Status for sikringssaken er godkjent minneleg avtale om erverv av grunn på 100%.
2	Bergen og Omland friluftsråd	Radøy	Solheimsvika	Solheimsvika gnr. 77, bnr 57 i Radøy kommune er eit lokalt friluftsområde mot sjø som er statleg sikra. Parsellen som vert søkt sikra, utgjer ein tilleggsparsell på 12,5 dekar, vil utvide bruksmuloglegheitene til friluftsliv ved å tilføre meir strandareal og skog. Tilkomst gjennom bustadfelt i Austmarka. Parkering ved idrettsbana og sti ned i område. Adkomst er 1000 meter frå bustadfelt, lett tilkomst både til fots og sykkel.	64 000	32 000	32 000	Friluftsområdet er allereie opparbeida og mykje brukt område. Ved ei utviding vil bruksverdien til området auke. Det ligg nært til bustadområde, skule og idrettsanlegg. Det er gode høve for parkering ved idrettsbana. Turvegen til området går gjennom kulturmark. Området er tilgjengeleg ved gange, sykkel og kollektivtransport. Status for sikringssaken er signert minneleg avtale om erverv inntil 50%.

3	Friluftsrådet Vest	Kvinnherad	Melderskinn	Melderskin gnr. 84/1, 85/3 bnr 85/5 er eit populært fjell i Kvinnherad kommune. Område er rekna som regionalt turområde kor folk kjem for å oppleva denne noko krevjande, men flotte turen til det majestetiske fjellet med den gode utsikta over store delar av Sunnhordland frå 1426 moh. Heile 2103 personer skreiv seg inn i turboka på toppen av Melderskin i fjor. På fine tur dagar er begge p-plassane fulle. Det er behov for minst å dobla kapasiteten ved å sikre område til parkering, ikke minst med tanke på den stadig aukande turinteressa i området.	144 200	150 000	150 000	Området Melderskin ligg i er og eit ynda turmål for mange, sjølv om toppen ikkje blir besteget. Dette gjer at kapasiteten på parkeringsplassane er sprengt på fine dagar, og dette går ut over tryggleiken langs riksvegveg 53. For å oppretthalde dette området som eit godt turmål er utviding av parkeringsplassen avgjerande. Status for sikringsprosessen er at Friluftsrådet Vest er i dialog med grunneigar om servituttavtale inntil 100%.
4	Bergen og Omland Friluftsråd	Sund	Risøyyna	Risøyyna gnr.25/1 -2 -3 og bnr 24/3 er eit regionalt friluftsområde på ei øy i skjærgården utenfor Sotra/Tofterøy i Sund kommune heilt ut mot havet. Den flotte uthavna har stor bruk og særskilde friluftsverdiar som grunne sandstrender, svaberg, kystlynghei, beskytta våg for småbåter og kajakker, og høve til turgåing heilt ut mot havet.	1 807 000	1 807 000	1 807 000	Risøyyna er eit mykje besøkt friluftsområde, trass i at det er eit statleg sikra område på øya, og ved å sikre fleire parsellar vil det komplementere bruksverdien av øya som friluftsområde. På Risøyyna finnst særskilde friluftskvalitetar som badeviker med le for vind, naturleg skjellsand, kystlynghei og svaberg. Kajakkpadlerar nyttar Risøyyna i aukande grad. Området treng tilrettelegging i form av kajakkbrygge, toalett, gapahuk og informasjon om den spesielle naturen på øya. Status for sikrings saken er at BOF har fire skriftlege grunneieravtaler om statleg erverv inntil 100%.

5	Friluftsrådet Vest	Fitjar	Teløy	<p>Teløy gnr.14/3 og bnr 14/4 er eit regionalt båtutfartsområde. Området har store friluftslivsverdiar som badeviker med skjellsand, svaberg, kystfuruskog og kystlynghei. Tilkomst med båt eller kano/kajakk. Områder nord og sør på øya som er allereie statleg sikra, medan på indre Pilapollen er det ein privat eigedom. Difor ønskjer Friluftsrådet Vest å skape heilskap ved å sikre sentrale delar av øya slik at friluftsområda vert samanhengande.</p>	784 200	785 000	785 000	<p>Teløy er eit område med verdifulle friluftskvalitetar samt merka sti - og løypenett. Dette vil auke turtilbodet og opplevingsverdien. Øya ligg i område avmerka i regional kystsoneplan for Sunnhordland og ytre Hardanger. Kystsoneplanen medverkar til ivaretaking av området med den sine kvalitetar. Det vil ikkje påverke tiltak/sikring negativt ut frå Friluftsrådet Vest sin plan. Friluftsrådet Vest har munnlege avtalar med grunneigarane om minneleg avtale om servituttsikring inntil 100%.</p>
6	Bergen og Omland friluftsråd	Osterøy	Kleiveland	<p>Kleiveland gnr. 108/1,3,4,5,6,8,11 er eit regionalt friluftsområde i Osterøy kommune som ligg naturleg til som eit stoppested og overnattingssted for småbåtar og kajakkpadlarar i fjordane rundt Bergen. Tilkomst er vanskeleg utan bil eller båt, men det er og tilgang frå landsida med parkering. 10 000 meter til næraste tettstad på landssida.</p>	546 000	500 000	500 000	<p>Stor avstand til næraste tettstad gjer at tilkomsten frå landsida vil utgjere lokal bruk av området. Området ligg godt tilrette for å bli mykje nytta i framtida som eit godt eigna stad for kajakkpadlarar og båtutfart. Sikring grunna behov for tilrettelegging.</p>
					3 429 400	3 358 000	3 358 000	